



MODALEN KOMMUNE

Innspel til orientering om planlagt transporttilbod i ny busskontrakt for Modalen – Vaksdal

Bakgrunn

Skyss planlegg utlysing av nye busskontraktar for tre områder. Dei nye kontraktane vil ha oppstart 22. juni 2025. Dette gjeld følgjande kontraktsområder:

1. Nordfjord
2. Hardanger – Voss
3. Modalen – Vaksdal

Modalen kommune synes det er positivt at Vaksdal og Modalen framleis skal være eige ruteområde, og at det faste rutetilbodet vert vidareført. I ruteområdet er det mykje veg og tunnel med dårlig standard og det krev god lokalkunnskap av utførande for driftskontrakt, som er viktig for å gje eit godt tilbod.

I samband med dette arbeidet vil Modalen kommune gje følgjande innspel:

Rammer for rutetilbodet

Det er positivt at det ikkje vert planlagt for større ruteendringar knytt til oppstart av kontrakten.

Modalen kommune ynskjer betre tid til prosess i samband med årleg ruteendring i ny kontraktsperiode. Slik det er no er det vanskeleg å få dette drøfta i Ungdomsråd, kommunestyret og med elevar i vidaregåande skule.

I Skyss sin strategi for berekraftig mobilitet, som er knytt til Vestland fylke sin Regional transportplan, peikar de på følgjande:

- *Strategi for berekraftig mobilitet er Skyss sin fagstrategi, knytt til Regional transportplan. Strategien legg rammer for Skyss sitt arbeid med rutetilbodet. I tråd med strategien vil ein i arbeid med nye kontraktar legge til rette for ei vidare utvikling av kollektivtilbodet, og for at ein gjennom driftskontraktene også kan kjøpe nye tenester knytt til digital fleksibel bestillingstransport.*

Dette er eit positivt signal, slik Modalen kommune ser det, med omsyn til utvikling av rutetilbod, og Modalen kommune ynskjer å være ein partner i arbeidet. Kommunen kan i samråd med innbyggjarane være med å få til gode fleksible løysingar.

Skuleskyss og lokale ruter

I Modalen kommune er rutetilbodet stort sett i samband med skuleskyss og då mest i retning Knarvik for elevar som pendlar dagleg. Dei dagane det er skulefri/ferie vert kollektivtilbodet sterkt redusert då desse bussane ikkje går. Modalen kommune vil understreke behov for at desse rutene kan køyrast alle kvardagar.

Det som kanskje er den største utfordringa i dag er at korrespondanse mot kollektivknutepunkt er alt for dårlig. Dette gjeld spesielt for vidaregåande elevar i Knarvik og Voss.

Elevar må vente utandørs i inntil 45 minuttar på Ostereidet eller Romarheim.

Same problem oppstår for dei som er elevar på vidaregåande skular i Voss Herad. Her er det manglande korrespondanse mot tog til/frå Dale stasjon i Vaksdal kommune.



MODALEN KOMMUNE

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for skuleskyss, det bør være mogleg å gå i dialog med busselskapa for å få til gode løysingar for elevar som alt har ein utfordrande kvardag med lang reise til skulen, eller at dei må flytte på hybel i ung alder. Dersom busstilbodet korresponderer vil det gjere kvardagen enklare, ikkje berre for dei unge, men også flyktningane som må ta kollektiv for norskopplæring.

Serviceskyss

Serviceskyss er tenkt som eit tilbod for eldre menneske som har behov for transport inn til f eks kommunesenter.

Modalen kommune meiner dette er eit godt tilbod, men her må me tenke sambruk slik at det og kan rettast mot andre brukarar.

Sjølv om dette tilbodet gjeld på dagtid, på faste dagar dersom dei er bestilt, ber Modalen kommune om at dette blir eit tilbod til andre som treng transport internt i Modalen, eller mot Eidslandet kvardagar, då særskilt tidleg ettermiddag eller kveld. Dette kan tilpassast fritidsaktivitetar for born og unge i Modalen og indre delar av Vaksdal kommune.

Digital fleksibel bestillingstransport

Modalen kommune meinar dette er ei løysing som kan gje eit betre kollektivtilbod til og frå Modalen laurdagar og søndagar, då det desse dagane er eit særskilt dårlig tilbod. Dette må gjelde korrespondanse i retning mot Knarvik/Bergen, og korrespondanse mot tog via Dale stasjon.

Vil og være ei løysing med omsyn til manglande kollektivtilbod internt i Modalen kommune, alle dagar.

Næringsliv

Reiselivet i Modalen har fleire bedrifter som er i prosess med miljøsertifisering, og då er transport ei sentral teneste for eit berekraftig reiseliv. Å anbefale kundar å bruke kollektivtransport frå Bergen, via Knarvik eller Dale og inn til Modalen er i dag ikkje aktuelt. Modalen kommune ynskjer å saman med Skyss og reiselivet i kommunen, sjå på løysingar som kan føre til at det nokre dagar kan være mogleg for turistar å bruke kollektivtransport inn og ut av kommunen.

Samandrag

Modalen kommune ynskjer, saman med Skyss, utførande for driftskontrakt, born og unge og næringslivsaktørar, å være ein aktiv partner for å utvikle eit kollektivtilbod tilpassa brukarane. Dette vil føre til auka bruk av kollektivtransport, ikkje berre i Modalen, men og i indre delar av Vaksdal og Alver kommunar.